

Uskedelingen Tore Sergei Myklebust er også denne sesongen i ein nøkkelrolle på Wallmans Salonger ved Akerselva i Oslo (tidlegare Mølla). Han er kunstnarleg leiar og regissør for det mangfoldige showet som ein kan oppleve der, kombinert med middag med frå fire til ti rettar! Showet hadde premiere allereie i august.

I fjor hadde Wallman og Myklebust stor suksess med showet "Tributes" og i år heiter det "Fantastyque". Uskedelingen lokkar ved kremen av Skandinavias kreative krefter og "et nytt fyrverkeri av et show".

Artistane er handplukka frå ein stor auditionturne. Dei er 14 i talet og kjem frå fem land. Målsettinga er at showet skal vera allsidig og folkeleg og at alle skal få sitt og bli berørt, men likevel skal framsyninga vera dristig nok til å gå nye vegar, erklærer Myklebust.

Det var i 2000 Wallmans Salonger overtok lokala og starta underhaldningsindustri der dei vevde i gamle dagar og der mellom andre TV Norge hadde hatt sitt hovudkvarter på 1990-talet. Opningsnummeret spelar på den unike, nesten 200 år lange industrihistoria.

Ellers er spennvidda utruleg stor: Showet har ein minimusical med dei kjæraste julesongane. Så kan du møte englar, alver, heksar og demonar i ei verd av magi. "En kompott av norske hits" er en del av menyen og ein bukett "A-ha-melodier" høyrer også med. En yo-yo-sjonglør opptre, det er ein Madonna-sekvens og ein trio som heiter "The Dinettes" serverer nokre av verdas største hits. Eit spesialskreve nummer som heiter "Bathtub" har både dans, sang og musikk og det blir åtvare mot at dei som sit nærmast scenekanten kan bli blaute. Endeleg er uslitelege Wenche Myhre med i Wallman-showet, som ho også har vore tidlegare.

Wallmans Salonger i Oslo inngår i ein stor underhaldningsorganisasjon – "Wallmans Nøjen" Den har sitt senter i Stockholm men er å finna mange stader i Skandinavia, til dømes i Oslo, København, Åre, Malmø og Helsingborg.

Allereie i 1957 grunnla Hasse Wallmann eit underhaldningssenter i den svenske hovudstaden.

Og Tore Sergei Myklebust har i fleire år vore tilknytta Wallman.

Av Ola Matti Mathisen